

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim



# Salmekveld med Eyvind Skeie



Fredag 22.oktober  
kl. 19.00  
Austrheimkyrkja

Kyrkjebakken nr 07 – 2021 – Septemhernummeret – 50 årgang – nytt stoff innan 17.okt



Presentasjon av  
konfirmantar 2022



# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslaup 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde 906 95 377  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

### Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktor: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside,  
facebook og plakat for  
eventuelle endringar.

01. okt

**Eldregudsteneste kl. 15.00**

01. okt

**Gudsteneste for alle kl. 18.00**

03. okt

**Gudsteneste kl. 11.00**

22. okt

**Salmekveld ved Eyvind Skeie kl. 19.00**

24. okt

**Gudsteneste kl. 11.00**

**Gudsteneste for 50- og 51  
årskonfirmantar kl. 13.00**

06. nov

**Minnegudsteneste kl. 18.00**

07. nov

**Helgemesse kl. 19.00**



Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

# Ordet er deg nær

Den 3. oktober vert det mange stader  
brukt ein preiketekst frå Det gamle  
testamentet. Der står det m.a.:

«Ordet er deg heilt nær, i munnen din  
og i hjartet ditt, så du kan leva etter  
det.» (5 Mos 30,14)

Ofte tenkjer me ikkje sånn om  
bibelordet, og om kristen tru.  
Det er noko fjernt, noko langt  
borte, som me sjeldan treng  
å bry oss om. Me støyer  
kanskje på det i jula, eller i  
dåp, konfirmasjon, vigsel og  
gravferd, men elles vedkjem  
det oss i grunnen ikkje.

Det er ikkje så rart at det vert sånn.  
Så mange ting krev merksemda vår, så  
me orkar ikkje endå meir som me må  
bruka tid og krefter på. Dessutan er vel  
Gud – om noko sånt då finst – plassert  
i ein himmel ein stad bak alle blåner.  
Gud i himmelen bryr seg neppe om  
mitt vesle liv.

Bibelserset eg siterte framstiller ikkje  
Gud som utilgjengeleg og vanskeleg  
å nå. Tvert om: Gudsordet er nær oss,  
så me kan leva etter det. Det er ikkje  
innvikla og teoretisk, men livsnært og  
praktisk.

Dette viste Gud oss framfor alt ved å  
senda Jesus til oss.

Han vart fødd inn i ein vanleg  
familie – faren var snikkar. Han  
kjende til vanlege næringsvegar som  
landbruk og fiskeri. Den kjennskapen  
brukte han til å laga vakre  
forteljingar, som den om mannen  
som ikkje slo seg til ro då nittini av  
dei hundre sauene hans var på plass,  
men gav seg på leiting etter den som



mangla. Jesus kjende til  
kriminaliteten langs vegane  
til hovudstaden, og gjorde  
det til utgangspunkt for  
verdas mest kjende for-  
teljing om nestekjærleik.  
Sjukdom og matmangel  
var ein del av kvardagen hans.

Han utrydda det ikkje, men gav  
oss gløtt inn i ein tilstand der dette  
ikkje skal plaga oss meir. Ved å døy  
og stå opp att, viste han oss ein Gud  
som tek det vonde me påfører andre  
på ramme alvor, og at livet er sterkare  
enn døden. Det er forståeleg at mange  
skuvar bibelord og kristentru til sides,  
og heller brukar tida og kreftene på  
andre ting. Men Gud ønskjer ikkje  
å vera noko i tillegg, noko som kjem  
på toppen av alt det andre. Gud vil  
gjerne koma oss nær, vera ein del av  
kvardagen vår. Det vert han ved at me  
møter fram når kyrkjelyden samlast, les  
bibelordet, bed, deltek i  
nattverdmåltidet. (Apg 2,42)

*God helg, og vel møtt til gudsteneste!  
Av Magne Bjørndal*

# Min salme



*Rune Skare*

Fager kveldsol smiler  
Over heimen ned,  
Jord og himmel kviler  
Stilt i heilag fred.

Berre bekken brusar  
Frå det bratte fjell,  
Høyr kor sterkt det susar  
I den stille kveld

Ingen kveld kan læra  
Bekken fred og ro,  
Ingi klokke bera  
Honom kvilebod.

Så mitt hjarta stundar,  
Bankande i barm,  
Til eg ein gong blundar  
I Guds faderarm.

## Hjerteleg takk

til diakoninemndafor for oppmerksomheten på min 92 års dag. Takker og Aud som som kom med den.

Hilsen Oda Fønnes

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

**FONNES FILIAL OPNAR FOR PUBLIKUM FRÅ OG MED TORSDAG 26. AUGUST.**

Filialen vil vera open for publikum torsdagar  
14 - 16.30.

Fønnes filial sine opningstider følgjer elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

*Følg med på Facebook eller plakat for eventuelle endringar grunna smittevern*

God bok



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.  
**Legevakt 116117**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl. 08.30 - 15.00.**

Telefontid: **08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

### Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55


Heimesjukepleien: 56 16 21 23

# SALMEKVELD I AUSTRHEIMKYRKJA

## Eyvind Skeie - fredag 22.oktober

Me er så heldige at Eyvind Skeie kjem til Austrheimkyrkja fredag 22.oktober for å ha ein salmekveld.

Bli med på ein kveld fylt med salmar frå Eyvind Skeie si eiga salmebok, 316 salmer. Her vil du få høyre ein del av bakgrunnane for salmar, og om forskjellige samarbeid han har hatt. Nokre salmar skal me syngje saman, nokre vil Eyvind syngje for oss og det vil og vere andre soloinnslag. Me inviterer til ein musikalsk kveld saman.



## Eyvind Skeie



født 5. november 1947.

Utdannet teolog/prest, har vært frilans fra 1986/87. Manusforfatter til TV-seriene Portveien 2 (alle programmene) og Sesam Stasjon (omkring 100 programmer). Omkring 1900 verk i Tono.

Har skrevet libretto til omkring 25 større og mindre verk i samarbeid med mange komponister, Egil Hovland, Trond Kverno, Sven David Sandström, Sigvald Tveit, Harald Gullichsen, Per Tveit, Gisle Kverndokk, Vidar Hansen, Terje Kvam, Arne Dagsvik, Galib Mammadov, Tord Gustavsen, Arne Bendiksen, med flere.

Verkene er utgitt av ulike forlag, fortrinnsvis Norsk Musikforlag, Cantando Musikkforlag og forlaget Ung Kirkesang. Eyvind Skeie har også et forfatterskap knyttet til religion, historie og etikk, med biografier, fagbøker, barnebøker og lyrikk. Han har også arbeidet mye med pedagogikk, blant annet på et større prosjekt knyttet til Universitetet i Stavanger, de siste ti årene. Han har også levert tekstmateriale gjennom mange år til offentlige markeringer i kirke og samfunn. Eyvind Skeie har mottatt en del priser for sitt virke, han er kommandør av St. Olavs Orden, har fått Oslo bys kunstnerpris, Kardemommestipendiet, Tekstforfatterfondetsærespris, Riksmålsforbundets barnebokpris og annet.

 Norske Kvinners  
Sanitetsforening

## ÅRÅS SANITETSFORENING

går Kløvertur annankvar onsdag.

Turar i haust:  
29.09, 13.10, 27.10, 10.11 og 01.12.

Oppmøte Mastrvik Torg kl 12.00.  
Ta med naboen og kom og bli med.

Kløvertur er for alle.

Arr. Års Sanitetsforening.

Innkalling til

## ÅRSMØTE

i Stiftelsen Betania Lervåg  
torsdag 7. oktober 2021 kl. 19:00  
på Lervåg Bedehus

### SAKSLISTE:

Velkomst  
Val av møteleiar  
Årsmelding  
Rekneskap  
Budsjett og årsplan  
Endring av vedtektene  
Val  
Avslutning

Alle velkomne!  
For styret i Stiftelsen Betania Lervåg  
Harald Odd Sognnes leiar

# ÅRÅS BEDEHUS

Søndagsmøte 26. sept kl 11:00,  
Søndagsmøte 17. okt kl 11:00,  
Søndagsmøte 31. okt kl 11:00,  
Søndagsmøte 14. nov kl 11:00,  
Søndagsmøte 28. nov kl 11:00,

Ole Corneliusen talar.  
Asle Hetlebakke talar.  
Odd Sverre Hove talar.  
Vegard Hetlebakke talar.  
Leiv Nesheim talar.

VING 4-10 år ca annankvar torsdag 17:00 - 18:00.

(30. sept, 21. okt, 4. nov, 18. nov, 2. des)

Kjellaren 5-7 kl ca annankvar torsdag 18:00- 19:30

(30. sept, 21. okt, 4. nov, 18. nov, 2. des)

XL 8 kl og oppover annankvar onsdag 18:30-20:30

(22. sept, 6. okt, 20. okt, 3. nov, 17. nov, 1. des.)

Følg med på facebook eller nettsida for evt endring til digitalt møte av smittevern om syn. Google Meet vert brukt til digitale møte. Brukarrettleiing finn du på vår nettside.

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.



Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar  
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Targehandel - Båt/Fiskeutstyr



**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik

BoschCarService.no

For everything your car needs.



## Austrheim sokn

### Gravlagd

27.august: **Inger Marie Ruus** f.1947  
 27.august: **Gunnar Stokholm** f. 1925  
 7.sept: **Gunn Langeland Hustveit** f.1952  
 10.sept: **Ludvig Andre Daae (bisett)** f.1930

### Døypte

12.september:  
**Andreas Marøy Austrheim**  
**Finley Stusdal Austrheim Hunter**

### Vigsel

28.august: **Lena Daae Hopland & Kristian Vaulen Fure**  
 04.september: **Heidi Astrup Vikene & Anders Norstrand**  
 11.september: **Andreas Aarnes Lerøy & Linn Therese Østby**

### Takk

for oppmerksomhet frå diakoninemnda på dagen min.

Hilsen Svein Pedersen

### Hjertelig takk

til diakoninemnda og Torunn for gode hjerter i anledning min 80 års dag.

Helsing Kjellaug Skår



## Austrheim seniorkor

Etter ein lang koronapause tok Austrheim Seniorkor opp att øvingane 26. august. Me øver på Kyrkjelydshuset annan kvar torsdag kl.11.00 til ca. kl 12.45. Har eit allsidig repertoar, ingen krav om notekunnskap og me opptre med jamne mellomrom. Er du senior, glad i song og musikk, trallar, syng litt i heimen og elles, og ynskjer å vere del av eit godt sosialt fellesskap som songen gjer, ja då er Austrheim Seniorkor rette plassen for deg.

Dirigenten vår er Kjersti Wiik. Ho er for dei fleste kjent som ein framifrå flink songar, og ikkje minst dyktig songpedagog, som med sin kunnskap og lange erfaring evnar å få det beste ut av songstemmebruken for oss seniorar.

**Kom bli med, og syng deg glad i Austrheim Seniorkor.**

*For meir info. ta kontakt med Karin på mobilnr. 93620161, eller Torunn på mobilnr. 48296243*



# Pyjamasfest



Tenk å få kome i kyrkja med pyjamas!  
Det var akkurat det ein god gjeng med tre- og fireåringar fekk gjere denne fredagen. Det var til og med laga til ei seng med sengeklede frå vennebyen, og med massevis av bamsar.

Borna hadde med seg sin eigen kosebamsse også. Me fekk ei veldig kjekk stund der me song saman, snakka litt om kosebamsane og fekk sjå oss rundt i kyrkja. Rune prest fortalte om prestekjolen og kvifor prestane brukte ein sånn. Anny Bertelsen og Gunn H. Dyrkolbotn fortalte litt om kva dei forskjellige ting heiter i kyrkja. Me hadde og ein tur opp på søndagsskulerommet der me fekk høyre historia om Noa. Etterpå hadde Gunn og Anny laga til kjempegod kvelds.

Me avslutta kvelden med å syngje «Eg faldar mine hender små», og alle vart invitert tilbake til barnas festgudsteneste søndag.



**Barnas festgudsteneste**  
Endeleg kom dagen då tre- og fireåringane skulle få si eiga bok. Kyrkja vart fylt opp med mange forventningsfulle små og store.

Her fekk me syngje ein del av det same som me gjorde fredag, men det var nokre nye også. Rune prest fortalte ei historie frå 4-årsboka der han viste bilde på storskjermen. Det var veldig kjekt. Det var mange forventningsfulle og glade born som kom fram ein etter ein for å få boka si. Ein herleg gjeng!





Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



## Knüter CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)



## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.

Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)




**Vatne**  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:  
56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



## PRESTAR PÅ VANDRING

Pilegrimsleden over Dovre er ein del av pilegrimsleden frå Oslo til Nidarosdomen i Trondheim, kanskje den aller vakraste delen. Denne fekk vi prestane i Nordhordland høve til å ta i sjølvsyn i veka etter konfirmasjonane i Austrheim og Fedje, mandag 30. august til fredag 03. september. 9 av prestane i Nordhordland var med på dette studieopplegget støtta av Bjørgvin bispedømme. Startstaden var gården Fokstugu like nord for Dombås. Samlinga i det intime kapellet gjorde sterkt inntrykk, mellom anna den kvite altarsteinen som er henta inn frå naturen like ved og er noko av det eldste steinslaget som fins. Slik represententerer den noko av evighetsperspektivet og gav retning

for vandringa vidare. Vandringa veksla mellom tidebøner, rolege vandringar i snill natur og mektige naturopplevingar der kongeørna kvilte majestetisk over oss på vengene sine. Noko av opplegget gjekk ut på å bruka tid på stille eigenrefleksjon, men og i gode samtalar. Været viste seg frå den gode sida, og vi fekk oppleva både Eysteinkirka på Hjerkin og den erverdige kongsgården Kongsvold like før den ville Drivdalen. Som ei ekstra oppleving tok nokre av oss turen opp på Snøhetta (2286 moh) etter pilegrimsvandringa og fekk ein forsmak på vinter og snø på topp-punktet.



## Møte mellom mennesker

**DAGAKTIVITETANE PÅ SENIORSENTERET  
STARTAR OPP ATT FRÅ 30.08.21**



- **Måndag: Herretrim kl. 11.00 – 12.30**
- **Tysdag: Dametrim kl. 11.00 – 12.30**
- **Torsdag: Strikkekafe kl. 11.00 – 14.30**

**Me ønskjer også å starta opp att middagar kvar onsdag kl. 13.00.**

**Ønskjer du å delta?  
Ta kontakt med Rigmor på tlf. 45 63 53 24**

